



Vår dato:

17.11.2022

Vår ref:

2019/3035

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Henning Tjørhom

SUNNFJORD MILJØVERK IKS  
Einstølen Kloppstadvegen 310  
6815 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

## Rapport frå inspeksjon ved SUM Hesjedalen avfallslass - deponi

Kontrollnummer: 2022.230.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Fra verksemda:

Henning Tjørhom, Karoline Høyvik, Athina Karipi og  
Kjell Bu

Fra Statsforvaltaren i Vestland:

Nina Vadøy og Kristin Espeset

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SUM IKS Hesjedalen – avfallsdeponi den 18. og 20. oktober 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og gav ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Oppsamling, overvaking, handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve
- Internkontrollen for ytre miljø er mangefull
- Lagring av CCA-impregnert trevirke og kompleksmetall skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget

Avvika er nærmere omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 3.

---

Kristin Espeset  
senioringeniør

Nina Vadøy  
senioringeniør

**Dokumentet er elektronisk godkjent**

Kopi til: Sunnfjord kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> SUNNFJORD MILJØVERK IKS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974286173	<b>Eigd av:</b> 970921915
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 38.110 – Innsamling av ikke-farlig avfall	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> SUM Hesjedalen avfallslass - deponi	<b>Anleggsnr.:</b> 4647.0013.03
<b>Kommune:</b> Sunnfjord	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Deponi for ordinært avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 23.09.2008	<b>Sist endra:</b> 20.06.2018

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> SUM Hesjedalen avfallslass - biocelle	<b>Anleggsnr.:</b> 4647.0013.07
<b>Kommune:</b> Sunnfjord	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Biologisk behandling av org. avfall	
<b>Løyve gitt:</b> 20.06.2018	<b>Sist endra:</b> 20.06.2018

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overholdne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sin lokale deponiaksjon og ei oppfølging av tilsyn med SUM Hesjedalen avfallsdeponi som vart gjennomført 22. og 27. september 2021.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- særskilt oppfølging av avvik gitt etter tilsyn i 2021 (rapport 2021.108.I.SFVL)
- brev med ny frist for oppfølging av avvik datert 6. april 2022

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

SUM IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1. mars 2022 sender ei skriftleg utgjeiring som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar).

Vi ser alvorleg på avvika då det er gjentakande avvik. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp med ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)) til Statsforvaltaren i Vestland.

### 4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsla at vi vil vurdere tvangsmulkt på 50 000 kr i brev datert 6. april 2022 dersom vi ikkje fekk tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika frå tilsynet i 2021 var retta innan 15. september 2022. SUM har gitt tilbakemelding og har retta avvik, men ikkje alle. Etter nytt tilsyn i 2022 er det gitt nye avvik. Vi driv ikkje inn tvangsmulka no, men varslar tvangsmulkt til ny frist for å sikre tilstrekkeleg framdrift i arbeidet med å følgje opp avvika i tilsynsrapporten.

Statsforvaltaren varslar derfor at dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta eller tidfesta handlingsplan på avvik som ikkje er retta innan **1. mars 2022**, vil Statsforvaltaren vurdere å vedta tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir halden, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingangsbeløp på kr 50 000.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

### 5. Vedtak om gebrysats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 11. mai 2022.

Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må SUM IKS betale eit gebyr på 52 500 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta 39-8. Dette svarer til gebrysats 5 for tilsyn over fleire dagar, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutsipp.no](http://www.norskeutsipp.no).

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1**

#### **Oppsamling, overvaking, handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve**

##### **Avvik frå:**

Løyve til drift av deponiet sist endra 20. juni 2018

- punkt 1.2 om plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- punkt 2.2 om beste tilgjengelege teknikkar
- punkt 4.3 om oppsamling og reinsing av sigevatn
- punkt 4.5 om oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse
- punkt 7.1 om utslepp til vatn
- punkt 7.4 om overvaking av vatn

Avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III punkt 3 om overvaking

##### **Kommentarar til regelverket**

###### Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg – punkt 1.2

Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at forureining oppstår eller aukar, for å avgrense forureining og for ei best mogleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege og uforholdsmessige kostnader.

###### Beste tilgjengelege teknikkar – punkt 2.2

Verksemda pliktar å nytte seg av best tilgjengeleg teknologi som gjeld denne type verksemde. Dette gjeld for alle interne produksjonsprosessar, inkludert reinsing av avløp.

Verksemda skal som ein del av internkontrollen kontinuerleg vurdere og om det er tenleg, implementere beste tilgjengelege teknikkar.

###### Oppsamling og reinsing av sigevatn – punkt 4.3

På bakgrunn av nedbør, avrenning og fordamping, skal verksemda dokumentere vassbalansen minst for det arealet som er avsett til deponi.

###### Oversikt over deponiet sin vassbalanse – punkt 4.5

Verksemda skal årleg lage ei oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er teke i bruk, avfalls volum og avfallssamsetjing, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda utarbeide eit vassbalanserekneskap for siste kalenderår. For å få sett opp ein vassbalanse for deponiet, er det nødvendig å kartlegge vasstraumar inn og ut av deponiet.

Meteorologiske data frå deponiet spesifisert på minimum månadsbasis er nødvendig for å få sett opp ein nøyaktig vassbalanse.

I rettleiing frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi står det omtalt korleis vassbalanserekneskap skal utarbeidast.

#### Utslepp til vatn- punkt 7.1

Reint overflatevatn frå tilstøytande areal eller innsig av reint grunnvatn som kan kome i kontakt med deponert avfall skal leiaast separat utanom deponiet.

#### Overvaking – punkt 7.4

Verksemda må få utarbeidd og følgje eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn.

Sjøresipient skal granskast minimum kvart 6. år og data frå overvakainga – inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø som finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Vannmiljø er miljømyndighetene sitt fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn. Vannmiljø spelar med det ei sentral rolle i planlegging og gjennomføring av all overvakingsaktivitet som følgjer av vassforskrifta. Data vil vere tilgjengeleg for alle typar saksbehandling der informasjon om tilstand og utvikling i vassmiljøkvaliteten er etterspurta.

Dersom vurderingane viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda også pliktig til så snart som praktisk mogeleg å utbetre forholda.

#### **Observasjonar under tilsynet:**

##### Oversikt over vassbalanse

Vassbalanserekneskapen for deponiet er mangelfullt og er ikkje laga i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 «Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi».

I vassbalanserekneskapet manglar mellom anna:

- grunnvasstand rundt deponiet og under deponiet med opplysningar om grunnvatnet står opp i deponiet i periodar og korleis strøymingsmönsteret til grunnvatnet er
- anslag på mengder grunnvatn som strøymer inn i deponiet.
- anslag på sigevatn som strøymer til grunnvatn
- eventuelle område som er avslutta og kva område som ikkje er avslutta. Utrekning av kva dette har å seie for avrenningsmengder
- kart som viser område utanfor deponiet som har avrenning inn i deponiet. Eksisterande og planlagde avskjerande grøftar, inkludert når arbeidet skal gjennomførast.
- nedbørmengder for kvar månad frå eigen nedbørmålar
- minimum sigevassmengder for kvar månad
- avrenningsmönster. Anslag på mengder vatn som renn gjennom deponiet og anslag på mengder som renn av på overflata
- vurdering av eventuelle andre prosessar som er aktuelle for deponiet

SUM har opplyst at vêrstasjonen på anlegget ikkje virka, men at det vil bli etablert ny som er klar 1. januar 2023, og at nytt vassbalanserekneskap for 2023 vil bli utarbeidd etter dette.

#### Reinsing av sigevatn

SUM har ikkje optimalisert reinsinga av sigevatn. Dette er basert på følgjande:

- Vurderingar knytt til reinsing av sigevatn som kjem i årsrapportane levert av Hardanger Miljøsenter AS er ikkje følgt opp. I ÅRSRAPPORT MILJØOVERVÅKNING AV HESJEDALEN OG LØKINGSFYRA 2021 av Hardanger Miljøsenter AS står følgjande: «Renseanlegget ved Hesjedalen avfallslass har for liten kapasitet til å fungere på en tilfredsstillende måte ved høy sigevannstrøm, siden luftingen sannsynligvis har for lav kapasitet til å oppnå tilfredsstillende lufting av det generelt oksygenfrie sigevannet. En av miljøbelastningene som er forårsaket av sigevann fra kommunale avfallsdeponi er nettopp fraværet av

oksygen i vannet, og belaster recipienten ved å forbruke oksygen i recipientvannet. Ved å lufte sigevannet før utslip til en altså avhjelpe denne miljøbelastningen i noen grad.» Dette er også peika på i årsrapport utarbeidd av Hardanger Miljøsender AS for 2019 og 2020.

- Arealet som drenerer til sigevasssystemet er vesentleg større enn kva reinseanlegget var dimensjonert til. I ÅRSRAPPORT MILJØOVERVÅKNING AV HESJEDALEN OG LØKINGSMYRA 2021 av Hardanger Miljøsenter AS står det at arealet som drenerer til sigevasssystemet er estimert til i underkant av 40 000 m<sup>2</sup>. I *Plan for rensing av sigevatn Hesjedalen avfallsdeponi* frå august 2008 står det at det effektive nedslagsfeltet for deponiet er om lag 16 000 m<sup>2</sup>. Overvatn frå lagerområde går til sigevassleidninga. Verksemda må vurdere om denne praksisen skal halde fram.
- Det er ikkje tatt i bruk beste tilgjengelege teknologi for rensing av sigevatn. Det står i årsrapportane frå Hardanger Miljøsenter AS at reinseanlegget har for liten kapasitet og I *Plan for rensing av sigevatn Hesjedalen avfallsdeponi* frå august 2008 står det forslag til tiltak dersom effekten av reinsetiltaka ikkje tilfredsstiller reinsekrava. Dette er ikkje følgt opp av SUM.
- Det er ikkje tatt prøvar av sigevatnet som viser effekten av reinseanlegget ved ulike hydrauliske belastningar.
- Det mangla digitale verktøy for kontinuerleg overvaking av avrenning av sigevatn og vurdering av samheng med nedbørdata.
- Opphaldstid i sedimentasjonstanken ved ulike avrenningsmønster er ikkje rekna ut.
- Det mangla tal på lengda på opphaldstid som er naudsynt for å få ei god nok rensing av alle parametrar.

SUM mangla eit intensivert program for måling av sigevatn før og etter rensing som dokumenterer reinsegrad ved ulike vassbelastningar på reinseanlegget. Det vil seie at verksemda må måle både i nedbørrike periodar og meir tørre periodar. Optimalisering krev meir enn 4 målingar i året. Frekvens på tömming av sedimentasjonstanken må også vere ein del av optimaliseringa. SUM må etter dette vurdere om reinseanlegget må utvidast eller endrast for å få ei tilstrekkeleg rensing. Vidare må SUM vurdere om det er naudsynt med andre tiltak.

Nødvendige tiltak som ikkje allereie er gjennomført må gå fram av ein tidfesta handlingsplan. Handlingsplanen må også inkludere oversikt over kva ressursar som er nødvendige for å gjennomføre ulike tiltak og at desse er sett av/gjort tilgjengelege.

#### Oversikt over deponiutvikling

SUM har dokumentert oversikt over deponiet si utvikling for 2020, men denne er mangelfull. Oversikten viser ikkje kva for areal som er tatt i bruk og kvar avfallet er deponert med informasjon om deponeringsmetodar. Dette er viktig informasjon for å kunne utarbeide vassbalansen.

## **Avvik 2**

### **Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull**

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd

- punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan
- punkt 7 om rutinar og avvikshandtering
- punkt 8 om overvaking og oppdatering

#### **Kommentarar til regelverket**

##### Riskovurdering og handlingsplan – punkt 6

Verksemda skal kartlegge fare og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoen. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

### Rutinar og avvikshandtering – punkt 7

Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga.

### Overvaking og oppdatering – punkt 8

Verksemda skal systematisk overvake og gå gjennom internkontrollen for å sikre at den fungerer som føresett.

### **Observasjonar**

SUM har opplyst at verksemda no er under ei større omorganisering og er i ferd med å etablere internkontrollsystemet på nytt. Sjølv om SUM har retta på fleire punkt som Statsforvaltaren har peika på, er det framleis fleire manglar knytt til internkontroll for ytre miljø. SUM har opplyst at det sett i verk ei kartlegging av prosessar som heng saman med risikovurdering, handlingsplanar, rutinar, avvikshandtering, overvaking av internkontrollsystemet, inkludert plassering av ansvar for dei ulike prosessane. Arbeidet er tidkrevjande og SUM har planlagt at dette vil gå føre seg over 2 år.

### Risikovurdering og handlingsplan

SUM har gjort skriftlege risikovurderinger knytt til ytre miljø og har planar for tiltak, men manglar handlingsplan med konkrete tiltak med fristar for å redusere risikoen. Dette gjeld følgjande:

- Reinsing av sigevatn. I ÅRSRAPPORT MILJØOVERVÅKNING AV HESJEDALEN OG LØKINGSFYRA 2020 av Hardanger Miljøsenter AS står følgjande:  
«Renseanlegget ved Hesjedalen avfallslass har for liten kapasitet til å fungere på en tilfredsstillende måte ved høy sigevannstrøm, siden luftingen sannsynligvis har for lav kapasitet til å oppnå tilfredsstillende lufting av det generelt oksygenfrie sigevannet. En av miljøbelastningene som er forårsaket av sigevann fra kommunale avfallsdeponi er nettopp fraværet av oksygen i vannet, og belaster resipienten ved å forbruke oksygen i resipientvannet. Ved å lufte sigevannet før utslipp vil en altså avhjelpe denne miljøbelastningen i noen grad.» Dette er også påpeikt i ÅRSRAPPORT MILJØOVERVÅKNING AV HESJEDALEN OG LØKINGSFYRA 2019 av Hardanger Miljøsenter AS. Det går ikkje fram av risikovurderinga at verksemda har følgt opp vurderingar knytt til reinsing av sigevatn som kjem i årsrapportane levert av Hardanger Miljøsenter AS.
- Lagring og sortering av kompleksmetall med innhald av EE-avfall på grus. SUM har oppretta prosjekt for endra handtering av avfallsfraksjonen.

SUM har opplyst at det no er tatt i bruk ny modul for risikovurdering, der det er nye kategoriar for konsekvens og sannsyn, og at det no blir arbeidd med ny miljøkartlegging basert på prosesskartlegging.

### Skriftlege rutinar

Verksemda har fleire skriftlege rutinar, men manglar eller har mangelfulle skriftlege rutinar. Dette gjeld følgjande skriftleg rutine:

- rutine for drift, overvaking og vedlikehald av gassanlegget knytt til biocella. Det vart under tilsynet opplyst at det jamleg blir gjort diverse vedlikehald og at gassanlegget blir dagleg overvaka, men dette står ikkje i ein rutine. SUM har eit dokument som viser oversikt over hendingar knytt til gassanlegg biocelle.
- rutine for mottakskontroll. Verksemda har rutine for mottakskontroll, men har omorganisert og gjort endringar i praksis for å hindre at det blir deponert avfall som ikkje er i samsvar med deponiregelverket. Sum har opplyst at dette vil komme fram i ny skriftleg rutine.
- rutine for overvaking, gjennomgang og oppdatering av internkontrollen for ytre miljø
- rutinen for overvaking av diffuse utslepp. SUM har utarbeidd rutine, men rutinen manglar dato og ansvarleg for utføring
- rutine for oppsett av vassbalanserekneskap. SUM har utarbeidd ein rutine, men den er ikkje fullstendig

### Overvaking og oppdatering

Det går ikkje fram av risikovurdering for deponiet og fleire rutinar som vart lagt fram i samband med tilsynet når dokumenta vart oppretta og når dei sist var oppdatert. SUM har lagd ein rutine for lagring av dokument i Landax.

### **Avvik 3**

#### **Lagring av CCA-impregnert trevirke og kompleksmetall skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget**

##### **Avvik frå:**

Løyve til deponiet sist endra 20. juni 2018

- Punkt 3.5.4 om lagring av farleg avfall
- Punkt 8.3 om fast dekke

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 3 andre ledd

Avfallsforskrifta § 1-8 om plikt til å sørge for sortering og oppbevaring av EE-avfall

##### **Kommentar til regelverket:**

###### Lagring av farleg avfall, punkt 3.5.4

Farleg avfall skal lagrast på fast dekke under tak – eller på anna måte vere skjerma mot nedbør dersom det ikkje kan dokumenterast at annan lagring ikkje fører til større forureiningsfare eller problem med vidare handtering.

Utslepp til vatn frå handtering av farleg avfall er ikkje tillate, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 3 andre ledd.

###### Fast dekke, punkt 8.3

Utandørs handtering skal til vanleg skje på fast dekke som må reingjerast jamleg.

Fast dekke kan byggast opp på same måte som tett (ugjennomtrengeleg) dekke, eller vere heil asfalt utan sprekker, jf. definisjonar i vedlegg 4 i løyvet.

###### Plikt til å sørge for sortering og oppbevaring av EE-avfall, avfallsforskrifta §1-8

Kommunen skal sørge for at EE-avfall blir sortert frå anna avfall og blir oppbevart på eigna stad. Oppbevaringa skal ikkje virke skjemmande eller innebere fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje reduserast.

##### **Observasjonar under tilsynet:**

###### CCA-impregnert trevirke

CCA-impregnert trevirke vart lagra utan tak.

###### Kompleksmetall

Blanda kompleksmetall kan innehalde EE-avfall etter feilsortering. Under tilsynet i 2021 var det mykje EE-avfall i kompleksmetallet hos SUM som skulle sendast til fragmentering. Ei slik handtering gjer at EE-avfallet ikkje blir miljøsanert og at farlege komponentar ikkje blir utsortert. Under dette tilsynet vart kompleksmetallet framleis sortert på grus og utan skjerming eller tak. Dette fører til fare for forureining.

## **8. Merknader**

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

## 9. Andre forhold

### **Avtakstiltingen av tilsyn 22. og 27. september 2021 (rapport 2021.108.I.SFVL)**

SUM har sendt dokumentasjon på korleis avvika er følgt opp. Nedanfor er tilbakemeldinga frå SUM kort oppsummert med kommentar frå Statsforvaltaren for kvart avvikspunkt:

#### Avvik 1 – Mottakskontrollen er mangelfull og verksemda har deponert avfall som har mangelfull basiskarakterisering

SUM vil gjere ei prosesskartlegging av mottakskontroll og basiskarakterisering, kurse tilsette og ha fokus på avviksregistrering for å lukke avviket. Avviket heng saman med avviket om mangelfull internkontroll og omorganiseringa av SUM som no pågår. Statsforvaltaren vil følgje opp avviket gjennom nytt avvik 2 i denne rapporten.

#### Avvik 2 – Data frå overvaking av sjøresipient

SUM har dokumentert at det er lagt inn data i databasen Vannmiljø frå overvaking av sjøresipienten som deponet i Hesjedalen har utslepp til. Vi tar tilbakemeldinga til orientering og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Avvik 2 – Oversikt over vassbalanse

SUM skal etablere ny vêrstasjon på anlegget i Hesjedalen, som skal vere klar for logging frå 1. januar 2023, og vil utarbeide nytt vassbalanserekneskap for 2023. SUM jobbar med å utarbeide rutine for vassbalanserekneskap. Statsforvaltaren vil følgje opp avviket gjennom nytt avvik 1 i denne rapporten.

#### Avvik 2 – Overvaking av grunnvatn

SUM har etablert nye brønnar for prøvetaking av grunnvatn nedstraums for deponet. Nye prøvepunkt er etablert og prøveprogram er oppdatert. Vi tar tilbakemeldinga til orientering og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Avvik 2 – Kontroll av diffuse utslepp av deponigass

SUM har etablert ny metode for overvaking av diffuse utslepp og lagd program for overvaking av diffuse utslepp på deponet. Vi tar tilbakemeldinga til orientering og krev ikkje meir tilbakemelding på dette.

#### Avvik 3 – Risikovurdering, avvikshandtering, skriftlege rutinar og overvaking

SUM har sendt inn risikovurderinger på punkta påpekt i tilsynsrapporten, men manglar handlingsplan. SUM har definert brot på krav knytt til ytre miljø som avvik. SUM er no under ei større omorganisering og vil etablere nytt system for internkontroll. Sjølv om SUM har retta på fleire punkt som Statsforvaltaren har peika på, er det framleis fleire manglar knytt til internkontroll for ytre miljø. Statsforvaltaren vil derfor følgje opp avviket gjennom nytt avvik 2 i denne rapporten.

#### **Avvik 4**

##### Avvik 4 – CCA-impregnert trevirke

CCA-impregnert trevirke blir ikkje lenger komprimert, men blir lessa lett i konteiner og klipt opp med sorteringsklo. Lagringa går føre seg på fast dekke med kontrollert avrenning, men utan tak. Statsforvaltaren vil følgje opp lagringa utan tak gjennom nytt avvik 3. Elles tar vi tilbakemeldinga til orientering og krev ikkje meir tilbakemelding.

##### EE-avfall i kompleksmetallet

SUM har starta eit prosjekt for kartlegging av prosessar og handtering av EE-avfall i kompleksmetall og lagring av dette er ein del av det. Prosjektet starta 5. oktober 2022 og vil bli avslutta 31. desember 2022. SUM har opplyst at det er sett inn ressursar på gjenvinningsstasjonen for at mindre EE-avfall skal bli lagt i kompleksmetallet. Elles blir avfallet lagra og handtert som før. Statsforvaltaren vil følgje opp avviket gjennom nytt avvik 3 i denne rapporten.

##### Konklusjon

Avvik etter tilsyn i 2021 som SUM ikkje har lukka, er følgt opp med nye avvik i denne rapporten etter nytt tilsyn i 2022. SUM har hatt framdrift i lukking av avvik og vi vil derfor ikkje drive inn tvangsmulkt no som vart varsle i brev 6. april 2022. Vi avsluttar med dette tilsynet utført 22. og 27. september 2021.

### **Endring av løyve og søknad om kompostering**

Statsforvaltaren har varslet endring av løyve i samband med oppdatering i samsvar med BAT i brev datert 21. januar 2022 og SUM har søkt om kompostering av hageavfall i søknad datert 29. september 2022. Søknaden er til behandling hos Statsforvaltaren og vi vil endre løyvet i samsvar med BAT på same tid som vi avgjør utfallet på søknaden.

### **Nyrstar-slagg**

SUM har tatt imot slagg fra Nyrstar. Dette er følgd opp som avvik 1 i rapport 2021.108.I.SFVL og i brev datert 6. april 2022. Vi vil følge dette opp vidare som eigen sak.

### **Varslar pålegg om plan for avslutning og etterdrift av deponiet**

Vi varsler at vi vil pålegge verksemda å sende inn ein plan for avslutning og etterdrift av dei ulike områda av deponiet innan 1. januar 2024. Heimel for påleget vil vere forureiningslova § 7, jf. avfallsforskrifta § 9- 15.

I ein slik plan må det gå fram planar for dei delane av deponiet som det ikkje lenger er påfylling av avfall på, og korleis framtidig avslutning av delområde er planlagt gjort. Ein oppfyllingsplan inkludert trinnvis avslutning må vere ein del av avslutningsplanen. Planen må godkjennast av Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren vil gjennomføre sluttinspeksjon etter kvart som delar av deponiet blir endeleg avslutta.

Overflatevatn frå endeleg avslutta deponi skal i utgangspunktet vere reint og kan førast utanom reinseanlegget, slik at vassmengdene til reinseanlegget blir redusert. Eventuelle merknader til varsel om pålegg om oppdatert plan for avslutning og etterdrift kan sendes til Statsforvaltaren innan to veker etter at denne rapporten er mottatt.

Til informasjon er det fleire deponi som tar i bruk 3D-skanning av deponiet for å få betre og meir presis informasjon om deponiet si utvikling og for å få informasjon til avslutning- og etterdriftsplan.

## **10. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren